



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
040/24	Utvalet for oppvekst og kultur	18.09.2024
181/24	Formannskapet	19.09.2024

Prinsipp for strukturtiltak i Sunnfjordskulen

Vedtak i Formannskapet 19.09.2024:

Prinsipp for vurdering av strukturtiltak i skulen skal vere:

1. Ressursfordeling tilpassa utvikling i elevtalet
2. Sentralisering av ungdomsskular og desentraliserte barneskular
3. Fokus på skulestruktur i Førde sentrum

Faglege og sosiale tilhøve må bli vurdert særskilt ved alle strukturtiltaka.

Kommunedirektøren held fram arbeidet med tiltak i barnehage- og skulesektoren som blir lagt ut på høyring.

Innstilling frå Utvalet for oppvekst og kultur 18.09.2024:

Prinsipp for vurdering av strukturtiltak i skulen skal vere:

1. Ressursfordeling tilpassa utvikling i elevtalet
2. Sentralisering av ungdomsskular og desentraliserte barneskular
3. Fokus på skulestruktur i Førde sentrum

Faglege og sosiale tilhøve må bli vurdert særskilt ved alle strukturtiltaka.

Kommunedirektøren held fram arbeidet med tiltak i barnehage- og skulesektoren som blir lagt ut på høyring.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prinsipp for vurdering av strukturtiltak i skulen skal vere:

1. **Ressursfordeling tilpassa utvikling i elevtalet**
2. **Sentralisering av ungdomsskular og desentraliserte barneskular**
3. **Fokus på skulestruktur i sentrum**

Kommunedirektøren held fram arbeidet med tiltak i barnehage- og skulesektoren som blir lagt ut på høyring.

Bakgrunn for saka

25.04.2024 gjorde kommunestyre vedtak om at kommunedirektøren skulle komme attende med ei sak med potensielle tiltak, både når det gjeld driftsmessige forhold, ressursfordeling og struktur, som kan vere aktuelle å setje i verk for å møte framtidig innsparing og omstilling.

Det vart lagt vekt på at ein ny skulebruksplan skulle ha felles framdriftsplan og parallelle høyringsrundar med barnehageplanen.

Kommunedirektøren kom deretter tilbake med ei sak om planprosess.

27.06.2024 behandla formannskapet saka "planprosess for framtidig bruk av barnehage og skule i Sunnfjord kommune" og gjorde vedtak om at prosessen måtte komprimerast slik at vi får endeleg vedtak i kommunestyret i februar 2025. I planprosessen vart kommunedirektøren beden om å legge fram ei sak med førande prinsipp for vidare arbeid med tiltak for barnehage- og skulesektoren i september.

Saksutgreiing

Tidlegare vedtak

Vedtak kommunestyret 25.04.2024:

Kunnskapsgrunnlaget vert tatt til vitande. Kommunedirektøren bil beden om å komme tilbake med ei sak som syner potensielle tiltak, både når det gjeld driftsmessige forhold, ressursfordeling og struktur, som kan vere aktuelle å setje i verk for å møte framtidig innsparing og omstilling. Det skal utarbeidast ei konsekvensvurdering av økonomi og kvalitet, knyt til desse tiltaka. Tiltaka skal vere forankra i kunnskapsgrunnlaget.

Potensielle tiltak blir sett i samanheng med prosjektet Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen. Ny skulebruksplan og barnehageplan skal ha felles framdriftsplan og parallelle høyringsrundar.

Kommunedirektøren kjem tilbake med ein planprosess som syner kva tiltak som skal greiast ut og konsekvensvurderast.

Vedtak formannskapet 27.06.2024:

Planprosess for framtidig bruk av barnehage og skule i Sunnfjord må komprimerast slik at vi får endeleg vedtak i kommunestyret i februar 2025.

Det må fortløpande arbeidast med god informasjon og innbyggjarinvolvering samt samarbeid med dei tillitsvalte.

Tenesteanalyse og kunnskapsgrunnlag

I tenesteanalysen er konklusjonen for sektor skule som følgande:

- Det er i dag ein kostnadskrevjande struktur
- Vi har fleire ungdomsskular enn kommunane vi samanliknar oss med
- Vi brukar mindre enn samanlikningskommunane på spesialundervisning

Kunnskapsgrunnlaget i *Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen* hadde følgande konklusjon:

- Demografiske utfordringar: Det er venta ein betydeleg nedgang i elevtalet, medan talet på eldre aukar. Denne utviklinga krev strukturelle endringar for å sikre ein berekraftig skulestruktur i kommunen.
- Økonomisk press: Sunnfjord kommune har eit snevert økonomisk handlingsrom, med høge kostnader per elev samanlikna med andre kommunar. Samla er det planlagt ei innsparing og omstilling på om lag 205 millionar kroner fram til 2032, der grunnskulen skal bidra med ein betydeleg del.
- Kvalitet i skulen: Sunnfjordskulen leverer høg kvalitet, målt gjennom nasjonale prøver, grunnskulepoeng og gjennomføringsgrad i vidaregåande skule. Utfordringa blir å oppretthalde denne kvaliteten i møte med nedgang i elevtalet og økonomiske innstrammingar .
- Rekrutteringsutfordringar: Det er ein aukande mangel på lærarar og skuleleiing, spesielt på grunn av låge søkjartal til lærarutdanninga. Dette gjer det nødvendig å fokusere på Sunnfjordskulen som ein attraktiv arbeidsplass.

- Strukturelle endringar: For å møte desse utfordringane er det nødvendig med samanslåingar av skular, revisjon av kringsgrenser og omfordeling av ressursar. Dette vil krevje upopulære, men nødvendige avgjerder.

Desse funna peikar på eit behov for både økonomisk effektivisering og oppretthalding av kvalitet gjennom strategiske endringar i skulestrukturen.

Tiltak

Kommunedirektøren er i gong med å utvikle ein ny ressursfordelingsmodell for grunnskulesektoren. Den nye modellen skiller seg frå den førre ved at den tek utgangspunkt i elevtal og ikkje klassetal i fordelinga. Dette vil føre til at vi får umiddelbar effekt av redusert elevtal, og ein meir rettferdig fordeling av ressursar. Vi vil også kunne sjå og planlegge økonomien betre fleire år fram i tid, på sektor og einingsnivå. Resursmodellen er hovudtiltaket for skulesektoren, og vil også vere eit viktig verktøy i vurderinga av konsekvensar av strukturelle tiltak i sektoren.

I arbeidet med å utvikle tiltak vil kommunedirektøren legge følgande prinsipp til grunn:

1. Ressursfordeling tilpassa utvikling i elevtalet

- Ein elevbasert fordelingsmodell som føl elevtalsnedgangen, slik at kostnadane vert redusert tilsvarande.
- Ein modell som følgjer økonomiplanen (4 år fram) og sørger for føreselelegheit og god styring.
- Ein modell som gir nøyaktige anslag på økonomiske konsekvensar av potensielle strukturgrep.

2. Sentralisering av ungdomsskular og desentraliserte barneskular

- Ungdomsskular blir samla i større einingar for å effektivisere ressursbruk, medan barneskular held fram å vere desentraliserte for å sikre nærskule for dei yngste.
- Yngre elevar har behov for kortare reiseveg for tryggleik og trivsel, medan eldre elevar kan handtere lengre reisetid og større skulemiljø.
- Større fagmiljø vil gi høgare kvalitet i skulen og styrke rekrutteringa.
- Der det er formålstenleg, bør barnehage og skule samlokaliseras til oppvekstun for å skape eit heilskapleg oppvekstmiljø og betre ressursutnytting.

3. Fokus på skulestruktur i sentrum

- Skulane utanfor sentrum har ei større rolle enn berre å vere utdanningsinstitusjonar – dei er viktige for lokalsamfunnet som samlingsplassar og arenaer for idrett og kultur. Strukturgrep må ta omsyn til denne rolla.
- Nedlegging av skular utanfor sentrum kan svekke lokalsamfunnet sin identitet og tilflyttingspotensial, noko som ikkje nødvendigvis er tilfelle i sentrum.
- Det er ein overkapasitet i barneskulane skulane i sentrum i dag, og det er venta betydeleg elevtalsnedgang i tida framover.
- Vurdere effekt av kringsgrensejusteringar i kombinasjon med strukturendringar.

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at dei tre prinsippa gir god føring for kva tiltak administrasjonen skal arbeide vidare med. Prinsippa vil vere styrande, og eit viktig verkøty i det vidare arbeidet. Prinsippa har samanheng med funna i tenesteanalysen og kunnskapsgrunnlaget i Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen.

Terje Heggheim kommunedirektør	Åge Ansgar Stafsnes kommunalsjef
-----------------------------------	-------------------------------------

Behandling i folkevalde organ:

Behandling i Formannskapet 19.09.2024:

Forslag til endring og tillegg frå SV, fremja av Åsmund Berthelsen (SV):

Pkt 1 vert endra til: Ressursfordeling må vere tilpassa både klassetal og elevtal

Nytt punk 4: Skuleveg og reisetid må takast omsyn til ved vurdering av strukturen.

Avstemming:

SV sitt framlegg **fall** med 1 (SV) mot 10 stemmer

Utvalet for oppvekst og kultur sitt framlegg vart **einstemmig vedteke**

FORM-181/24 Vedtak:

Prinsipp for vurdering av strukturtiltak i skulen skal vere:

1. Ressursfordeling tilpassa utvikling i elevtalet
2. Sentralisering av ungdomsskular og desentraliserte barneskular
3. Fokus på skulestruktur i Førde sentrum

Faglege og sosiale tilhøve må bli vurdert særskilt ved alle strukturtiltaka.

Kommunedirektøren held fram arbeidet med tiltak i barnehage- og skulesektoren som blir lagt ut på høyring.

Behandling i Utvalet for oppvekst og kultur 18.09.2024:

Tilleggsframlegg frå Venstre og Senterpartiet, fremja av Åge Avedal (V):

Faglege og sosiale tilhøve må bli vurdert særskilt ved alle strukturtiltaka. (Ny nest siste setning i framlegget.)

Tilleggsframlegg frå SV, fremja av Silja Juklestad (SV):

Nytt prinsipp for arbeid med skulestruktur: Skuleveg og reisetid bør takast omsyn til i prosessen.

Kommunalsjef Åge Stafsnes og Andreas Fonn Macsik svara på spørsmål.

Avrøysting:

V og SP sitt framlegg til tilleggspunkt vart **einstemmig tilrådd**

SV sitt framlegg til tilleggspunkt **fall** med 9 mot 2 røyster (SV)

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig tilrådd** med følgande tillegg:

Faglege og sosiale tilhøve må bli vurdert særskilt ved alle strukturtiltaka.

UOK-040/24 Vedtak:

Prinsipp for vurdering av strukturtiltak i skulen skal vere:

1. Ressursfordeling tilpassa utvikling i elevtalet
2. Sentralisering av ungdomsskular og desentraliserte barneskular
3. Fokus på skulestruktur i Førde sentrum

Faglege og sosiale tilhøve må bli vurdert særskilt ved alle strukturtiltaka.

Kommunedirektøren held fram arbeidet med tiltak i barnehage- og skulesektoren som blir lagt ut på høyring.

